
Saksnr: 2021/2427-1
Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021

Varsel om oppstart av planarbeid og vedtak om utlegging av utkast til planprogram - Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 – 2035 til offentlig ettersyn

Forslag til innstilling:

1. Oppstart av arbeid med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 vert varsla etter pbl § 4.1. Vedtak er planlagt i oktober 2022, og planen vert gjeldande frå 2023 - 2035.
2. Vestland fylkeskommune legg utkast til planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 fram for offentlig ettersyn med høyringsperiode 03. mars - 20.april 2021. Høyringsfrist vert sett til 20.04.21.
3. Høyringsinstansane vert utfordra til å gi innspel til:
 - val av plantema
 - problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
 - medverknad i planarbeidet
 - andre relevante innspel i planarbeidet
4. Deltaking og medverknad i planprosessen vert gjennomført som skildra i planprogrammet. Fylkesrådmannen har mynde til å arbeide vidare med å etablere styringsgruppe og arbeidsgrupper som skissert i planprogrammet.

Samandrag

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 peiker på behovet for ein «Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv». Planen er difor av dei prioriterte planoppgåvene i Vestland. Denne saka gjeld formell oppstart av planarbeid og høyring av utkast til planprogram. Planprogrammet skal leggest ut til offentlig ettersyn med minst 6 vekers høyringsfrist. Planprogrammet har ein svært viktig strategisk funksjon der innretning av planarbeidet og sentrale plantema vert prioritert. Høyringsfrist vert sett til 20.04.21.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi), av 29.09.20 er det vedteke at ein skal utarbeide ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Her skal utviklingsplanen sine mål og strategiar omsettast til kultursektoren. Arbeidet startar opp i 2021 og vil gå over to år. Planen er ein revisjon av dei to gjeldande regionale kulturplanane og vil gjelde frå 2023 til 2035.

Plan og bygningslova styrer planprosessen til regionale planar, og gir føringar for medverknad, høyring og offentleg ettersyn. Fylkeskommunen har regionalt planmynde.

Vedtakskompetanse

I delegeringsreglementet punkt 41. er fylkesutvalet gitt mynde til å starte planarbeidet og å sende framlegg til planprogram på høyring.

Hovudutvalet er fagorgan og prosessorgan. Saka startar difor i hovudutval for kultur, idrett og integrering som innstiller til vedtak i fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Utviklingsplanen viser at ein kan utarbeide regionale planar for prioriterte tema der det er behov for regional samordning. I første rekke tema som gjeld fleire forvaltningsnivå og som hovudregel fleire sektorar.

Det skal utarbeidast eit planprogram som skal vise føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva alternativ som vert vurdert og ev. behov for utgreiingar. Dette skal høyrast og leggjast ut til offentleg ettersyn med minst 6 vekers høyringsfrist. Dette skjer normalt samtidig med varsling av planoppstart.

Ein regional plan skal bli lagt til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Dette legg føringar for medverknad ved utarbeiding av regional plan. Regional planstyresmakt skal samarbeide med berørte offentlege styresmakter og organisasjonar. Statlege organ og kommunar har rett og plikt til å delta i planlegginga når den berører deira verkeområde eller eigne planar og vedtak.

Planprogram

Vedlagt ligg utkast til planprogram. I tråd med krava i pbl gjer dette greie for:

- føremålet med planarbeidet
- organisering av arbeidet med fristar og deltakar
- opplegget for medverknad i planarbeidet
- kva alternativ som vert vurdert og behovet for utreiingar, dette gjennom val av plantema.

Medverknad

Den som fremmar planforslag, skal legge til rette for medverknad. Ein har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som treng spesiell tilrettelegging, t.d. barn og unge og andre grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte. Planprogrammet skisserer eit opplegg for medverknad og ein inviterer i høyringsperioden til å komme med innspel til medverknad i planarbeidet. Fylkesrådmannen ber om fullmakt til å arbeide vidare med å etablere styringsgruppe og arbeidsgrupper som skissert i planprogrammet fram til endeleg vedtak av planprogrammet i fylkesutvalet i juni.

Høyring og offentleg ettersyn

Utkast til planprogram vert sendt på høyring til alle som skal og bør delta i prosessen; regionale og kommunale styresmakter og andre offentlege organ, private organisasjonar og institusjonar innan det breie kulturfeltet. Dette inkluderer frivillig verksemd, profesjonell kunst og kultur og kulturinstitusjonar. Informasjon vert også gitt på heimesida til VLFK. Alle skal ha høve til å uttale seg, og det vert gitt høve til å gi innspel digitalt.

I høyringsbrevet vil det bli spurt om korleis høyringsinstansen ønskjer å medverke vidare.

Val av plantema

Planprogrammet vert brukt til å velje plantema. Dette er basert på kunnskap og analyser med basis i eksisterande kunnskapsgrunnlag for feltet og kunnskap utarbeidd og samla i samband med Utviklingsplan for Vestland.

Plantema er områder som ein skal arbeide med i dei neste 12 åra. Det er difor viktig at tema er overordna, samtidig som dei er relevante for heile planperioden og gir rom for konkret handling og utforming av dei felles satsingane dei neste åra.

Plantema skal vere relevante for alle aktørane i regionen. Dei skal løfte på tvers og mobilisere til utvikling. Dei skal skape eit større, sterkare og meir heilskapleg kulturfelt som bidreg til oppfyljing av utviklingsplanen sine ambisjonar på kulturen sine premisser.

På bakgrunn av måla i utviklingsplanen er det peika ut fire sentrale plantema:

- Vestland som ein leiande kulturregion
- Eit berekraftig kulturliv
- Deltaking, medborgarskap og mangfald
- Kulturell verdiskaping

Desse korresponderer i stor grad med måla i utviklingsplanen og vil truleg kunne bidra til å oppfylle intensjonane i utviklingsplanen.

I høyringa inviterer vi til innspel på dei fire framlegga til plantema, eller å komme med nye innspel til sentrale plantema.

Økonomi:

Planarbeidet vil på sikt påverke budsjett og økonomiplanen. Satsingane som vert prioritert i samband med planarbeidet vert innfasa i økonomiplanarbeidet. Det er sett av ressursar til gjennomføring av planarbeidet i eksisterande budsjett og økonomiplan.

Klima:

Planarbeidet vil ta innover seg målsettingane i utviklingsplanen om klima og miljø og FN sine berekraftsmål. Ein vil også samhandle på tvers med regionale planar som vert utarbeidd innan klima og miljø.

Folkehelse:

Kulturfeltet gir stor høve til å implementere og iverksette tiltak som reduserer sosial ulikskap, gir stor livskraft og livsinnhald gjennom aktiv deltaking og sosiale møteplassar, kulturelle utfordringar og opplevingar. Kulturfeltet bidreg i stor grad til inkludering.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Planarbeidet støttar opp om og oppfyller utviklingsplanen sine mål. Planen skal omsette og iverksette utviklingsplanen sine ambisjonar på kulturen sine premisser.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at framlegget til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsperiode 3. mars - 20. april. Fylkesrådmannen set i gang utgreiing og kartleggingsarbeid som omtalt i planprogrammet. Medverknad i planlegginga vil bli nærare avklart på bakgrunn av høyringsinnspel.